

VARHAUGBUEN

NORSK MOTORHISTORIE

SIDE 29

KPK-UKRAINA

SIDE 16

BU - FARMENTEVLING

SIDE 20 - 21

COCA COLA BUSSEN

SIDE 30 - 31



IS PÅ GRØDEN

SIDE 13

LÆRAREN SOM KOM HEIM ATT

Ein februar dag i 1912 dør Kristian Chr. Skrettingland på heimegarden på Varhaug, berre 49 år gammal. Over hundre år seinare lever minnet om læraren, klokken og Amerika-fararen vidare i slekta - og i eit sjeldan porselensservise frå Egersund Fajanse.

Sjur Håland

Onsdag 14. februar 1912 ligg ein død mann i senga på soverommet i det kvitmåla jærhuset på gardsnummer tre, Nordre Tjemsland i Varhaug sokn. Hovudet kviler på ei kvit pute. Augo er lukka. Dei blålege hendene er falda og ligg oppå dyna. Skjegget er meir grått enn svart. Andletet er bleikt og merkt etter kring 14 dagar med lungebetennelse, ein sjukdom kroppen sitt immunforsvar til slutt ikkje greidde å stå imot.

Hadde ikkje antibiotika

Familiehistoria fortel at klokken og læraren først fekk ei kraftig forkjøling etter å ha blitt gjennomvåt og nedkjølt i ei gravferd på Odland.

- Lungebetennelse var ofte dødeleg på den tida. Antibiotika fanst ikkje, seier barnebarnet til Lette og Kristian, Leiv Kristian Skrettingland.

Kristian Chr. Skrettingland rakk aldri å oppleve 50-årsdagen sin, som skulle vore markert ein dryg månad seinare, 27. mars.

Soknepresten, Søren Dahl, var truleg innom då det nærma seg slutten. Dei to hadde nok ein fortruleg samtale før den dødssjuke fekk nattverden og vel-signinga. Kona, Lette Skrettingland, fødd Tjemsland, stod i bakgrunnen saman med tenestejenta og barneflokket på fem. Fire jenter mellom femten og fem år. Eldstjenta, Rakel Maria, er farmor til han som skriv denne teksten. Minstemann, Kristian K., far til Leiv Kristian, var berre litt over to år gammal.



Sjur Håland

Eksklusiv gåve

Det har gått 114 år sidan denne sorgtunge februar-dagen i 1912. Slekt følgjer slekters gang, og levde liv endar etter nokre generasjonar ofte i gløyme-boka. Men for oss som er opptekne av farne tider, finst det heldigvis minne å spora opp. Av og til treng ein ikkje ein gong leita. I kjellaren hjå Helga og Leiv Kristian Skrettingland på Nordre Tjemsland står eit porselensservise av det sjeldne slaget, frå Egersund Fajanse. Serviset er ei gåve frå Varhaug Ungdomsforening til Kristian Chr. Skrettingland.

Høvet var at Kristian kom heim frå Amerika etter å ha vore lærar i Garretson i Sør-Dakota i ein periode.

- Egntleg veit eg for lite om farfar sitt liv. Eg hadde faktisk gløymt at serviset framleis var i familien sitt eige, seier Leiv Kristian.

Han fortel at systera hans, Solveig Skrettingland, fekk serviset av faren då ho var lita.

- Far hadde laga ei leikestove til ho på loftet i stab-buret. Her leika Solveig og venene hennar med koppestellet.

Leiken medførte, naturleg nok, at noko vart knust, og noko skada.

- Men ho har teke godt vare på det sidan, smilar han.

Etter kvart meinte Solveig at tida var inne for at servicet burde tilbake til garden. Ho tok det med seg til Varhaug og overleverte det til broren.

- Då hugsa eg det att - og at det var noko etter farfar. Dette er rett og slett ei velkomstgåve frå Varhaug Ungdomsforening.

På det fine porselenet står årstalet 1894. Det må bety at gåva vart gitt til Kristian litt etter han var komen heim frå Amerika i 1892 eller tidleg i 1893.

Leiv Kristian reknar med at Varhaug Ungdomsforening var ein føregjengar til det som i dag heiter Varhaug Kristelige Ungdomslag.

Ressurssterk familie

Kristian Chr. Skrettingland vart fødd på Skrettingland 7. oktober 1862. Foreldra var Christian Rasmusson og Rakel Maria Ådnedotter. Faren var omgangsskule-

lærar, ordførar i Hå og bonde, medan morsslekta kom frå Søyland i Gjesdal. Morfaren til Kristian Chr. var både lærar og ordførar i Time. Det var med andre ord, etter datidas målestokk, ressurssterke folk.

Frå barndommen på Skrettingland er lite kjent. Kristian hadde 11 sysken. To døydde i spedbarnsalder. Ein av brørne, Reinert Martinius, omkom etter ei ulukke under lek då han var ti år gammal i 1875. Truleg hadde foreldra både vilje og evne til å la i alle fall nokre av borna få høgare utdanning. For Kristian sin del vart det lærarseminaret på Stord.

Lærar for kona

Etter utdanninga, i 1884, vart Kristian tilsett som lærar. Først ved skulen på Mæland som var ein del av Tjemsland krins. Skulen på Tjemsland er den som me i dag kjenner som Auestad skulehus, men som i tida 1863-1892 var skulestove på Klockargarden på Tjemsland. Kristian har nok undervist på både Mæland og Tjemsland samtidig. Ein av elevane til den unge læraren her var Lette Tjemsland. At læraren og eleven ein dag skulle bli eit par, visste ingen då.

Kristian var truleg aktiv i kristenlivet i bygda. Han må ha vore høgt verdsett og kan ha fungert som ei leiar-sikkelse og eit førebilete for unge menneske.

Til Amerika

På denne tida var utvandringa frå Noreg til USA og Canada stor. Draumen om betre betalt arbeid, fri-dom og eige land lokka mange. Mange selde det dei eigde, tok farvel med familie og bygdeliv og reiste over Atlanteren til det dei trudde var eit land med uendelege moglegheiter.

Det vert ofte sagt at det første dei norske nybyggjane gjorde på prærien, var å byggja ei kyrkje eller ei skulestove. Undervisningsspråket var norsk, og dei norske koloniane trong formelt utdanna lærarar. Kristian Chr. Skrettingland kan ha fått ein førespurnad frå ein medstudent eller ein bygdekjenning. Det me veit, er at han etter kort tid som lærar på Mæland/Tjemsland reiste til USA.

Spor i ville Vesten

Spora etter Kristian i Amerika er få. Leiv Kristian har forsøkt å finna meir, mellom anna ved å ta kontakt med lokale styresmakter i Garretson, utan å få svar.

- Gjennom ei slektsgranskingside fekk eg tilgang til ein kort notis om at «K. Skrettingland» i 1886 reiste frå ein by til ein annan. Sporet kjem frå ei lokalavis i Sioux Falls i Sør-Dakota. Det tyder på at han var ute i eit slags offisielt ærend, sidan han vart omtalt i avisa, fortel Leiv Kristian.

Kristian budde i Garretson, kring 40 kilometer frå Sioux Falls. Folketalet der var ikkje meir enn 341 personar i 1890. Det var ingen stor by, men barna trong skule, også på prærien. Me kan berre førestilla oss korleis kvardagen var for ein norsk lærar i det som seinare har vorte kalla «Det ville vesten».

Like utanfor byen ligg ravinen Devil's Gulch. Lokal tradisjon vil ha det til at forbrytaren Jesse James ein gong hoppa over ravinen til hest for å sleppa unna dei som jakta på han. På den måten kan me seia at Kristian bokstavleg tala trødde i dei relativt ferske fotefara til ein av dei mest myteomspunne figurane i amerikansk historie.

Heim att

I 1892 eller 1893 bar det heimover att for læraren. Avskilsgåva frå skuleborna i Amerika var ein spaserstokk i ibenholt med inskripsjonen «Fra takknemlige skolebørn» på gullhandtaket.

Heime vart han vel motteken. Det er ikkje urimeleg å tru at ungjenta Lette var ekstra glad for å få Kristian heim. Kanskje hadde dei hatt eit godt auga til kvarandre alt før han reiste, kanskje brevveksla dei medan han var i Amerika.



Lette Petersdotter Tjemsland og Kristian Chr. Skrettingland gifta seg i kyrkja på Odland fredag 27. mars 1896. Lette var 22 år, medan Kristian var 34. Det nygifte paret var truleg hjå fotograf i Stavanger nokre veker etter bryllaupet. Då var Lette alt gravid med det fyrste barnet. Fotografiet er fargelagd med hjelp av KI-verktøy.

Dei gifta seg i 1896 og fekk eit travelt liv saman på heimegarden hennar. Lette fekk deira første barn, mi farmor, ni månader etter bryllaupet. I tillegg til å vera bonde, arbeidde Kristian som klokkar og lærar.

- Han vart den siste klok karen i kyrkja nede på Varhaug, og den første klok karen i den nye kyrkja på Odland, seier barnebarnet, Leiv Kristian.

Full fart med Holm

Kristian hadde mykje å gjera med sokneprest Karenos Theodor Holm (tilsett i åra 1885-1906), ein mann som var kjend for å vera både kvikk og travel. Handskrifta hans i kyrkjebøkene er nærast uleseleg for lekfolk. Det vart sagt at når Holm kom køyrande med hest og kjerre og plukka med seg Kristian på veg til kyrkja eller andre ærend, køyrde han så fort at hjula av og til var heilt oppe i steingardane langs dei smale grusvegane. Kristian hadde ikkje anna å gjera enn å klamra seg fast til vogna.

Leiv Kristian minnest at ei av fastrene hans fortalde at når Holm og Kristian kom køyrande, gjekk folk til sides langs vegen og neidde eller bukka i respekt.

- Om farfar hadde fått same æra om han sat åleine i kjerra, veit eg ikkje, seier Leiv Kristian med eit smil.

Imponerende gest

Den eldste kvinneforeininga på Varhaug som framleis er i drift, er Auestad Kvinneforeining. Ho vart stifta alt i 1877 og er dermed 149 år i år. I ei jubileumsbok for Stavanger krets av Det Norske Misjonsselskap, utgjeven i 1946, kjem det fram at Lette var leiar i foreininga i ei årrekke. Kristian Chr. var også med i foreiningsmøta «til sin død i 1912», står det i boka. Det var ikkje uvanleg at menn var med i kvinneforeiningsarbeidet og hadde det ein kan kalla støttefunksjonar på denne tida.

Då Kristian døydde i 1912, gav elevane ved Auestad skule ein sølvkrans som vart sett inn i gravsteinen hans.

- Det var ein imponerende gest, særleg når ein veit kor lite folk hadde på den tida, seier Leiv Kristian.

Fekk ei storesyster

Rakel Maria Skrettingland, gift Håland, var eldste dotter til Lette og Kristian. Det gjekk nær på seks år før ho fekk ei søster, Anna Margreta, i 1902. Hja naboane, Anna Elisa og Nils Reinert Tjemsland kom derimot barna på rekke og rad, og Rakel Maria var mykje der og leika. Stor var gleden og overraskinga då ho ein dag kom heim og inn i stova og fekk sjå ein bylt som låg i gyngestolen. Ho hadde blitt storesyster og ante ingenting på førehand. Slikt vart ikkje snakka om i dei tidene.



Kristian Chr. Skrettingland var hjå fotograf Kørner i Stavanger, truleg rett etter at han var komen heim frå Amerika. Legg merke til spaserstokken. Fotografiet er i Leiv Kristian Skrettingland sitt eige.



Leiv Kristian Skrettingland med spaserstokken i ibenholt med gullhandtak etter farfar Kristian. I bakgrunnen står porselensserviset den omtalte læraren fekk i gåve frå Varhaug Ungdomsforening i 1894. Sølvkransen frå 1912 t. h. var ei minnegåve frå skuleborna på Auestad. Kransen var montert på gravminnet, men vart teken heim då gravsteinen vart skifta ut for nokre år sidan.

Foto: Helga Skrettingland.



Vakkert koppestell frå Egersund Fajanse.



Morten Skogmus laget med KI.

SNART SÅTID

Den beste tida for skriving av tekstar er kring lunsj. Då er det framleis natt på austkysten i USA. Når klokka har passert tre om ettermiddagen, skyer det som kjent til. Då byrjar Trump på si daglege gjerning som handlar om å øydeleggja alt som er bygd opp til menneska sitt beste dei siste 80 åra. Så medan den amerikanske presidenten, saman med andre destruktive, maktsjuke folk brukar storslegga på å knusa demokratiets grunnmurar, har ikkje me alminnelege fredsæle folk stort anna å gjera enn å i det minste sjekka om det har vore utøy i beredskapslageret i kjellaren. Med andre ord at ikkje Morten Skogmus eller nokon av dei andre har vore og forsynt seg.

Medan eg er i kjellaren og sjekkar fella, brukar eg å snakka strengt til meg sjølv. For eg skal pitlamenn ikkje la verdas vonde krefter få meg til å kapitulera. Ikkje at eg skal melda meg inn som friviljug i ei eller anna motstandsørsl. Men eg skal leva livet mitt som normalt, skriva litt i Bondevennen og vera ei vonleg nyttig brikke i eit stabilt og fredselskande demokrati.

Her for leden var eg i kyrkja der yngste barnebarnet mitt vart døypt. Oluf er ein fantastisk fyr med smilehol på knea og livet føre seg. Det er klart at ein engsteleg farfar, som står i kjellaren for å sjekka batteria i naud-lommelykta, kan bli uroa for korleis framtida for dei små blir.

Då handlar det om å kara seg opp frå kjellaren, tenkja på dei gode orda frå presten ved døypefonten og følgja med på almanakken.

For nå blir det lysare og snart er det såtid!

Sjur

Takk til Bondevennen for løyve til gjenbruk.



FRÅ REDAKSJONEN



Så er eg i gang med det første bladet i 26, og ein og ein halv månad av det nye året er forsvunne. Tida går fort. Nå er me ferdig med valentin, morsdag, fastelaven og bollesundag og så vert det neste ein tidleg påske. Og etter den vert det mai, og me må tenka på nytt blad igjen. Det vert sommar før ein veit ordet av det. Og det skal verta godt. Eg er litt leid denne kalde Sibir-vinden. (Reknar med at den kjem derifrå).

Litt snø fekk me og, men heldigvis ikkje meir enn ei lita fonn på terrassen og i gardsrommet. Håper ikkje det kjem meir snø, for med denne vinden vert det berre rennedrev.

Liv

Bingo på Eldresenteret kvar måndag kl. 15.00. Me er ein god gjeng som samlast, men det er alltid plass til nye.

SpareBank
SØR-NORGE 1



S I B Y G G
NORRØN GRUPPEN

SJAKK FOR ALLE

Jæren sjakkklubb held til på Bryne VGS og spiller på onsdagar. Vi spiller i personal-kantina i første etasje i A-bygget, frå kl 1800 til bortimot 2200. Det er lagt opp til at vi har en times opplæring for nye fra kl 1800-1900.

Årskontingent er kr 750 for voksen over 20 år, kr 350 for juniorer og 200 for yngre sjakkspelarar opp til 14 år. Då vert ein medlem i Jæren sjakkklubb og Norges Sjakkforbund og kan delta i sjakkturneringer overalt. (halv kontingent for dei som vert medlem på hausten)

Vi starta det nye året med at 10 av klubbens spelarar reiste til Haugesund og tok del i dei åpne NM i lunsjakk og hurtigsjakk i helga 2-4. januar. I lunsjakk var det tre klasser: A for de over 1800 i rating, B for de med rating mellom 1600 og 1800, og gruppe C for spillere med rating under 1600. Steffen Dybing Thune fra Varhaug ble nr 2 i B-klassen, og fikk en fin ratingframgang til 1965. Ellers fikk klubben en 5-plass i gruppe B ved Elias Vigrestad Kristiansen. Roar Sola havnet på en 18. plass. I gruppe C hadde klubben med tre gutter der den eldste var 10 år. De fikk prøvd seg og kunne begynne å sanke ratingpoeng.

I hurtigsjakk gruppe A hadde vi med 3 deltakere som kom langt nede på lista, - men i gruppe B hadde klubben 6 deltakere, og her vant Steffen Dybing Thune mens Tor Arne Ege ble nr 3 og Elias Vigrestad Kristiansen ble nr 5. God ratingframgang for alle. I gruppe C hadde klubben med 3 gutter, brødrene Lion og Birk Kylvik på 10 og 9 år, og 8-åringen Aron

Skognes som fikk 1309 i rating etter turneringa.

Helga 16-18. januar arrangerte Jæren sjakkklubb Vestlandsmesterskapet Sør. Her var det med lag fra Kristiansand i sør til Haugesund i nord. Klubbens lag i førstedivisjon havna på en fjerdeplass slik at vi fortsatt har 1. divisjonsplass. I 2. divisjon hadde vi med ett firemannslag, og det ble nr 3. Vinner ble det ene laget fra Kristiansand som da får plass i førstedivisjon neste år.

På klubbkveldene spiller vi ulike turneringer. 11. og 18. mars har vi ratet hurtigsjakk over 10 runder. Ellers har vi Armageddon, fishersjakk og det nye konseptet med «Total chess» over 5 onsdager med ulike spillestiler.

Siste spilledag før sommerferie er 10. juni.

I opplæringsgruppa er det 8-10 gutter med, - enkelte gang også ei eller to jenter.

Velkommen til klubben. Klubben har egen internettside: <https://www.Jaerensjakk.no>

Og klubben har facebookside «Jæren Sjakkklubb».

(sjå <https://www.facebook.com/jaerensk/>)

Sjå elles informasjon om sjakk (med terminliste) på <http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org/>

Med sjakk-helsing frå Per-Arvid


BIBELEN PÅ GODT OG VONDT

Kva kan den bety for tru og liv?

Festalen ved kyrkjekontoret
Onsdag 15. april kl. 19.00

Ingunn Aadland, førsteamanuensis ved MF, underviser.

Servering av kaffi, te og litt attåt.



HOLMAVATN FORNYAR SEG



I skrivande stund er det ein ulande isvind oppe i heia ved Holmavatn. Omtrent ikkje uteverande! Men inne har det vorte ljosare og varmare, særleg i møtesalen. Dei siste vekene før jul og nokre veker inn i dette året har ein flittig dugnadsgjeng fornya møtesalen heilt. Veggane er etterisolerte, og elles er det nytt tak, golv, alt av lys, teknikk og høgtalar, møbler, stolar; alt saman. Endå er det ikkje heilt ferdig, men ferdig nok til at det er teke i bruk. Ein god vedomn skal også inn, så fort som råd!

Alice Nygård er glad og nøgd at ein er komen så langt. Det er ei stri med slike økter, samtidig som det var både ønskeleg og naudsynt at noko vart gjort no. Om alt går etter planen vil kjøkkenet med tilhøyrande rom verta oppgradert om eit år, i vekene før og etter jul.

Alice Nygård frå Varhaug har vore leiar ved senteret sidan mai 2024. Ho har utdanning frå Ansgarskolen i Kristiansand, og har mellom anna arbeidspraksis som miljøterapeut ved flyktningemottaket på Nærland. Å hiva seg rundt og starta på Holmavatn har derfor medført ei ganske bratt læringskurve, smiler ho.

- Eg er glad i å laga mat, men har ikkje noko kokkeutdanning eller sånt, så det var bare å hiva seg utpå. Me er 1,7 årsverk ved senteret her. Det er jo mykje for lite til å drifta senteret. Men her er ei mengd med gode frivillige, seier ho, og reknar opp både vaskegruppene som dukkar opp kvar måndag, mannfolkjengen som produserer ved kvar måndag, alle som er med som servitørar og i kjøkkentenesten. Sommarstid er det folk her som gjer praktisk arbeid som husmaling, rydding, og andre vaktmeisterstener.

- Har de godt med ordrar i bøkene dykkar?

- Ja, no ser det bra ut, Men det er plass til meir, ikkje minst i vekene. Helgene er så godt som fullbooka ganske langt framover, med leirar, samlingar i påska, samlingsweekendar, kurs, og i april mai kjem konfirmasjonssesongen. Bursdagar og bryllup er det også plass til innimellom. Ta kontakt, så finn me ei løysing, seier ho.

Alt i 1980 og 1981 var ideen om eit misjonssenter oppe i heia framme. Det vart skipa til kunstutstilling, gjeve ut Holmavatn-avis og kassett, det var auksjonar og lotteri. I 1985 starta byggjearbeidet. Påske 1988 vart staden teken i bruk, og innvia 19. juni same året. Den gongen var det visst om lag 250 bilar til stades, og ein telde om lag 800 fram møtte. Med andre ord - om ca to år er det klart for 40-års markering!

Paul Odland



NYTT FRÅ MISJONSHUSET

Det med Alpha er en god måte å komme inn i det kristne budskapet og bli kjent med Jesus. Til høsten planlegges et nytt Alpha-kurs,- følg med og meld på.

Ei lita uke i juni settes av til å «be for Norge» 24/7. Det vert lagt opp til konfirmantundervisning ein del måndagar også frå hausten av, og konfirmantar på misjonshuset var godt beskrevet i siste nummer av misjonshusbladet som vart delt ut i starten av november.

Frå 1. mars vert den nye møtekalenderen for 2027 lagt ut på heimesida til misjonshuset. For 2027 vert siste laurdagen i april (24/4-2027) nytta til konfirmasjonsgudsteneste i møtesal og matsal, så den dagen vert det ikkje anledning til å leige til selskap.

Styret har justert litt på leigepreisane, og også dei nye småromma utanfor ungdomssalen kan verte nytta til mindre møter eller sammenkomster. I kjelleren vil ein ikkje ha meir enn 30 tilstades på selskap.

Misjonshuset har enorm aktivitet,- meir enn 800 små og store arrangementer i året. Men eit rom står ubrukt: tresløydsalen i kjelleren. Her var det i mange år gutte-lag,- og så dreiv ein del vaksne med treaktivitet,- og så var det nokre ungdommar som hadde ei gruppe som dreiv MTM (Misjen Tre og Mekk). Er det nokre

som kan tenke seg å benytte ein vel utstyrt tresløydsal, så ta kontakt med oss i styret for misjonshuset.

Ungdomslaget har eit stort arbeid og vi legg opp til at dei benytter møtesalen på laurdagskveldane,- så det vert ikkje leigd ut for andre til å ha møte da.

Sjå elles program på oppslag og i annonsar og følg med på internettsida til Misjonshuset, www.varhaug-misjonshus.no, der ein kan finne program og planlagde ting framover.

Ver merksam på kontortida på misjonshuset som er måndagar og torsdagar kl 2000-2100, og telefon er 51 43 08 08. Det er berre 1 time og ikkje ope i juli. Dei som har vakt vil viderekopla teleonnummeret til deira egne mobiltelefonar.

Hugs at ein kan tinga rom ved bruk av internett:

https://www.varhaug-misjonshus.no/?page_id=752

E-post kan sendast til post@varhaug-misjonshus.no

Gateadressa er Ånestadvegen 21, postadresse er boks 103, 4368 Varhaug

Velkomen til Misjonshuset.
Med helsing, Per-Arvid

RYDDEGJENGEN - FEBRUAR 2026

Knut Skrettingland, medlem av ryddegjengen, døde dessverre i januar. Vi lyser fred over hans minne, og vi takker Knut for hans innsats for fellesskapet. Behovet for å rydde søppel vil alltid være der. Vi er alle passelig «tankalause» når vi kvitter oss med søppel, smått og litt større. Vi tenker da på det som fyk rundt oss i nærmiljøet. Vinden på Jæren lever vi med. Den flytter søppel. Husk det er alle sitt ansvar å holde Varhaug rent, det tillegger ikke bare Rydde-gjengen som i utgangspunktet har ryddedag første onsdag hver måned. Rydder vi ikke den dagen så

velger vi en annen dag, under frihet for den enkelte. Hold Varhaug rent.
Rune Odland





HEIDI DUBLAND BØ
Hud- og fotterapeut

Stasjonsveien. 14,
4360 Varhaug
Mob: 41 27 66 79
Timebestilling 51 43 13 69

JG MASKIN
Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 89, 4360 Varhaug
Mobil: 958 26 410 - Fax: 51 43 08 27 - jagunnau@online.no



• SERVICE • DELER
• REPRASJONER

PARK ELLER NEDBYGGING?

Underteikna er kjend med at reguleringsplanen for Varhaug sentrum er under oppstart, og truleg ferdig dette året, og lagt ut til høyring.

Den i dag enkle parken på 3 dekar mellom Rådhusgata og Stasjonsvegen (langs jernbanen) er alt vedteken som tomt for seniorbufellesskap-bygg i nord-austre enden av denne parken.

Me førebur nå **eit innspel til reguleringsplanen. Der vil me be kommunen vurdere om tomt til seniorbufellesskap kan flyttast til ein annan stad i Varhaug sentrum. - Me meiner det er fleire betre alternativ.**

Bakgrunnen er at me meiner det nemnde bygget vi redusere parkarealet for mykje, og samtidig vil det redusere verdfull utsikt frå Hå rådhus og likeså redusere innsikt til rådhuset både frå veg og tog-trafikk. I dag er det ca 75m fri sikt mellom bygning-smassen - Me fryktar og at areal til aktivitetar for born og vaksne blir mindre enn ønskeleg. Parken er «indrefileten» i Varhaug tettstad.

Ein fin park her vil presentere Hå kommune på ein fin og verdig måte, både for tilreisande og for innbyggjarane i Hå.

Innspelet vårt vil og innehalde tilbod om vidare opparbeiding av parken som dugnadsprosjekt i samarbeid med kommunen. «Styrings-fom» liknande bygging av gang- og sykkelveggar etter «Hå-modellen. Den flotte parken i Ålgård sentrum er eit føredøme for oss. Men som dugnadsprosjekt vil vår Rådhuspark bli vesentleg billigare. Me reknar med at sponsorinntekter vil dekke utgifter til planter mm. Innspelet er knytt til tidlegare innsendt under-skrifts-kampanje med ca 400 underskrifter, og til vårt innspel datert 25.1.2026.

I samsvar med politiske vedtak er det aktuelle området (3.3 dekar + noko asfaltareal) i ferd med å bli seld til eit Stavangerfirma. Det bør ikkje realiserast! Me fryktar at sal vil vera ein slags katastrofe både for innbyggjarane i Varhaug, og når det gjeld å presentera Hå kommune på ein fin og verdig måte-

- Me vil be politikarane om å reversera begge desse her omtala sakene:
- Plassering av seniorbufellesskap-bygg, og sal av området til eit Stavangerfirma!

Varhaug 14. februar 2026.
Helsing Eirik J. Varhaug



VARHAUG, ET SENTRUM I STAGNASJON ?

SENTRUMSPLANER I VARHAUG. SENIORBOLIGER I SENTRUM

Varhaug er et lite senter/stoppested langs Jærbanen. Varhaug Sentrum har stagnert i de siste 10-20 årene. Befolkningstall i Varhaug i 2010 ca 4.100 og i 2026 ca 4.500. Lite utbygging av sentrumsnære eiendommer, bortsett fra blokkene. Nødvendige planer for utbygging synes ikke å komme på plass - Leksaren, Ånestadvegen som de mest nærliggende.

Det er over 30 - tredve - år siden regulering av Leksaren startet opp. Det skal visstnok være voldsomme rekkefølgekrav som stopper utbyggere fra å komme i gang. Kanskje en må innse at Leksaren er problematisk og uforholdsmessig kostbar å bygge ut med rundkjøring, undergang Buevegen, øvrig trafikk etc. etc.

Det er tilnærma 20 - tjue - år siden regulering av Ånestadvegen (Ånestadvegen fra Djuphodsbrua til Bø'en) ble startet opp. Plan for dette området nærmer seg nå ferdigbehandla og byggeklart. I Varhaug Sentrum er dette et svært sentralt område.

Stuelandseiendommen «Hubben». En i sentrum flott, sentral og lett utbyggbar eiendom. Seniorboliger og småhusbebyggelse i Sentrum og naboskap til helsesenter. Hva med å forsøke å diskutere løsninger med eierne av Stuelandseiendommen ?

Felleskjøpet - det arbeides med flytting av aktivitet fra sentrum til Tjemslandsmarka Industriområde. Kanskje det ikke er så langt fram i tid ? Sentrumsnært og utbyggbart for varierende boformer

Seniorboliger. Nå har noen, våre politikere, kommet til at egne seniorboliger er rett boform ettersom det blir flere og flere eldre. Vel og bra, og tanken er kanskje god - usikker - da jeg tror me på Jæren vil bo i en blanding av generasjoner. Det kan tilrettelegges for seniorboliger i så vel Ånestadvegen som på Stue-



landseiendommen. Blokk «Ingridtunet» har løst saken med at fellesskapet der eier og driver en fullverdig leilighet. Denne er i praksis et areal-tillegg til hver leilighet og kan brukes av alle til mange formål. (gjester, åremålsdager, familieselskaper mm)

Nyetablert park i Sentrum, sjølve «indrefilet» i Sentrum. Nå er det krefter i gang for utbygging av «indrefilet». Det kan ikke være riktig å bygge ned nyetablert park, et grøntområde til bruk for alle innbyggere. Det er kun fantasien som setter stopper for hva dette området kan brukes til (barnelek, boccia, konserter, markedsaktiviteter etc) Som vist har vi sentrumsnære områder som lett kan brukes til mange boformer, inklusive seniorboliger.

Etablering av boområde for kun eldre i parkområdet? Må beboerne være 60, 70, 80 eller mer for å kunne bo der? «Gamlebyen på Varhaug». I et torg/parkområde skal det være liv, lyd, musikk og ablegøyer. Er det optimalt naboskap til et boområde for eldre? Hva med hensyn til etablert næringsvirksomhet som pub, pizzarestaurant og kiosk hvor det er aktivitet, også etter «Kveldsnytt» Ser jo at Hå Kommune vil ha igjen pengene for utlegg, kjøp av park-tomta, men det finnes andre løsninger som er langt mer framtidsette. Vi må ha boliger for alle innbyggere, ikke minst barnefamilier.

Konklusjon: Nei til utbygging av boliger/næringsvirksomhet i parkområdet - i denne omgang. Nå er det som nevnt brukt 20-30 år på å regulere boområder på Varhaug. Me har god tid med planlegging av hvordan parkområdet kan utnyttes til beste for hele bygda, hvis vi bare planlegger i samme tempo som hittil.

Februar 2026
Rune Odland

SENTRUM

Veit ikkje kor mange gonger eg har skrive om sentrum her i bladet, og eg reknar ikkje med at det vert det siste. Planane til kommunen vert ikkje ferdige før i slutten av året, og så skal det ut til høyring. Og er det noko folk på Varhaug er oppteken av, så er det nettopp koss det vil gå på den fine opne plassen me har fått mellom rådhuset, Skretting og Sentrumsgården. Sjå innlegg frå Eirik J. Varhaug og Rune Odland.

Liv



Fjordkjøkken sitt bygg, tek seg fint ut på sørsida av vegen inn mot sentrum av Varhaug.



Kor lenge skal dei to gamle Skretting-husa på nord, få stå slik og skjemma ut? (i den skarpe februar-sola såg dei ikkje så galne ut)

KVA TID SKAL ME TA DENNE NYE VEGEN I BRUK?

Det er ei stund sidan nå at denne vegen med/sykkelsti mellom Ånestadvegen og Skulegata vart laga. Men den er berre brukande for gåande og syklistar. Liv





BRUA I BODLE, SOM BERRE «FORSVANN»

Denne brua klarte seg ikkje mot vass-straumen under ein av stormane i vinter. Men vart henta opp frå vatnet med gravemaskin, og har sidan berre lagt her, ubrukande, på vent. Dette er ei viktig bru, og ein del av Kongevegen, så den har nok vorte sakna av mange.

Men nå ser det ut som arbeidet med brua er på gang. I alle fall var ein gravemaskin på plass, då eg var nedom i helga. Liv



IS PÅ GRØDEN



Måndag 26.januar sykla 5.trinn til Grøden. I strålende sol og kaldt januarvêr kosa me oss på blank is. Nokon måtte og utforska bekken på sida, og sjå korleis det virka med blaut sorpe oppover og innanfor utebuksa. Konklusjonen var at det var kaldt å vera blaut i januar.

Kristin Søyland

DET GAMLE KVERNHUSET I BODLE

Har ikkje kommunen noko ansvar for dette, eller skal det berre stå der og forfalla? Eg har både vore med og malt korn der, og hatt besøk av skuleklasser som fekk sjå koss det gjekk for seg. Nå kom eg ikkje bort til kverna, grunna mangel på bru. Men folk har fortalt meg at det ser ganske «misserabelt» ut. Liv



BIBLIOTEKET PÅ VARHAUG SKULE

Det har vore mykje fokus på lesing og leseferdigheter i seinare tid. Torsdag 29. januar stod det ein artikkel i Stavanger Aftenblad om lesing og skulebiblioteka. «Skulebibliotekene er sentrale i regjeringens lesestrategi. Men kvaliteten varierer veldig.»

Så vert det vist til Varhaug skule og biblioteket der. Her har me skulebibliotek og folkebibliotek i eit. Og skulen har eigen bibliotekar, Karete Fosse. GRATULERER! Her får de skryt. Biblioteket er alltid ope i skuletida, og dei som er på biblioteket er nokre blide og hjelpsame damer. Tre sjetteklassingar hjelper til som assistentar innimellom Det som kjem fram i artikkelen er at ikkje alle skulebibliotek har eigen bibliotekar. Hå kommune er faktisk den einaste i regionen som har rapportert inn skulebibliotekar-stillingar på alle skulane sine over tid. Så flott! Når me veit kor viktig det er med lesing så er biblioteket viktig. Og ungane må lærast opp frå dei er små. Då er det viktig at foreldre les for dei. Ungane må bli glad i bøker for då trur eg det er lettare å knekkje lesekoden.

Biblioteket på Varhaug skule er veldig bra. Av og til når eg kjem innom står det ungar i kø som skal melde inn bøker dei låner. Her er eit godt utval av

bøker også for oss vaksne. Har dei ikkje boka her på Varhaug så får dei tak i boka frå eit av dei andre biblioteka.

Eg er glad for at me har bibliotek her på Varhaug for oss vaksne og. Det er herleg å setje seg ned med ei god bok. Det er jo heilt gratis å låne bøker. Her får me tips om kva me kan lesa. Av og til kjem det besøk av forfattarar. Dei arrangørar også føremiddagstreff ein gong i månaden der me kan få tips om bøker og utveksle kva me les. Det er lærerikt med lesing. Me som er eldre har godt av å bruke hovudet. Har du ikkje oppdaga biblioteket på Varhaug skule endå, så ta turen innom og sjå.

Brit Obrestad



SALGSUTSTILLING AV MALERI PÅ LERBREKK SKULE, 19.- 22. MARS 2026

Danskfødte Karen Roed, fødd i 1948, kjem på ny til Lerbrekk skule, med utstilling av sine produkt.

Første gongen Karen var her var i 2006. Kontakten med henne den gong, vart knytta gjennom Kulturkontoret i Hå, via ein venskapskommune i Danmark, der eit av hennar produkt vart gitt som gave til Hå kommune. I den samanheng kom då spørsmål frå Karen, om det var råd å få ha utstilling i Hå. Tanken då var nok Hå Gamle Prestegard, men der er lang ventetid for å «sleppa til».

Då kom altså spørsmålet frå Kulturkontoret i Hå, om Vennelaget på Lerbrekk skule kunne ta imot ei slik utstilling. Me våga det, med god hjelp frå Hå kommune om praktiske ting.

Møtet med Jæren og det «Jærse lynne» vart ei voldsom oppleving for Karen, slik at alt i 2008 var ho tilbake på Lerbrekk med ny salgsutstilling, i lag med Cathrina Fischer, ho og Dansk. Samstundes vart det og her knytta gode venskapsband med mange her i Hå. I 2013 var Karen tilbake på Lerbrekk for tredje gong.

Karen og mannen Kristian, lika seg så godt i Norge, at dei i 2008 flytte til Telemark. Etter å ha hatt adresse både i Notodden og Akkerhaugen, fekk dei kjøpt eit nedlagt handelslag, på Høydalsmo. Dette ligg rett ved E- 134, som er hovedåra mellom Drammen og Haugesund. Her har dei budt i mange år nå. Dei har resturert bygget til både bustad og galleri. I tillegg verkstad for Kristian. Her hadde Karen tidlegare malekurs, men nå har ho stor glede av å samla bygdefolket til Treff med jamne mellomrom. Det er sosiale samankomst med forskjellige aktivitetar. Dette sett sambygdingane stor pris på.

Karen Roed er ei aktiv dame. I yngre år tok ho utdanning i porselenmaling i Sverige og ho har gått kunsthøgskule i Danmark, for å nemna noko.

«Mine malerier skal ikke fortelle iaktakeren bestemte ting,- men tale til sansene. Mitt håp er at malerierne setter gang på fantasien», fortel ho.

Karen har hatt separate utstillingar mange stader gjennom åra, bla. a Fredrigsvern verft Stavern, Mariager museum, Odense og Vista skolekunstforening DK. Kuwait, Fotland mølle, Falkenberg i Sverige, København. I tillegg gruppeutstillingar i lag med andre. For eks, Helgoleiren i Ognå. Ho fortel vidare at ho har seldt av sine arbeid både



til Ambassadar, Kunstforeningar og private.

Og nå har me anledning til å møta Karen igjen på Lerbrekk Skule frå 19. - 22. mars. Ein kaffikopp og noko å bita i vert det og høve til å kosa seg med.

Åpningstider:

Torsdag: kl 17.00 - 20.00
Fredag: kl 12.00 - 20.00
Laurdag: kl 12.00 - 17.00
Søndag: kl 12.00 - 17.00

Velkommen til hyggelege dagar på Lerbrekk skule. Vennelaget v/ Sigbjørn.

Styret 2025/2026

Leder	Trond Skretting
Nestleder	Runar Odland
Kasserer	Arild Helland
Sekretær	Grethe Marie Ånestad
Styremedlem	Gaute Ødemotland
1. vara	Anita Otto
2. vara	Oskar Ånestad



STIFTELSEN KPK-UKRAINA

Stiftelsen Kpk-Ukraina er en offentlig godkjent humanitær stiftelse med formål å hjelpe mennesker i nød, vise omsorg og kjærlighet gjennom å vise kristen nestekjærlighet i praksis, vi har drevet hjelpearbeid i Ukraina siden 1998, siden da har arbeidet vokst til å bli et stort arbeid. Vi samarbeider med Stiftelsen House of Mercy i Ukraina. Basen for arbeidet ligger i vest, i byen Uzhgorod nær grensen til Slovakia og Ungarn. Totalt lønner vi over 100 ansatte.

Arbeidet omfatter Barnehjem, Ungdomshus, Familiehus, Leirplass, og en gård som heter Mercy Farm, vi støtter 2 gamlehjem, gir hjelp til sykehus, eldre, funksjonshemmede, flykninger, fattige familier, og rom folk.

Vi deler ut mat hver dag, i form av esker med mat, og middager fra Mercy farm (ca 1200 middager hver dag), På gården er det et storkjøkken, et bakeri som baker ca 500 brød og ca 1500 boller/kanelruller hver natt. Det er butikk der, for de som har råd til å kjøpe. Det er 21 drivhus på gården, hvor det dyrkes mange forskjellige grønnsaker, flere typer tomater, agurk, paprika, squash, kål, og andre ting. Det er og et stort lager for hjelpesendinger på gården, 50 stk har arbeidet der, enda flere i sesong.

Det blir sendt hjelpesendinger (Semitrailere) fra Norge ca 1 gang i mnd, vi har lager i Haugesund og på Vigrestad. Ca 60 % av det som blir sendt ned blir sendt østover, sånn som det vises på kartet. Det er gode folk i Ukraina som tar seg av dette. Viktigt med gode folk i alle ledd, derfor vet vi at hjelpen kommer på rette plass.

Etter snart 4 år med krig er alle berørte, mange har mista sine kjære. Folk har det veldig tøft.

Nå er det veldig kaldt i Ukraina, og vi deler ut masse ved, og det vil vi fortsatt gjøre fremover. i tillegg er store deler av dagen er uten strøm, det er ikke enkelt.



Men vi ønsker å hjelpe der vi kan, så vil du hjelpe, kan du støtte oss, så kan vi kjøpe inn mer ved, mat, medisiner og andre viktige ting.

Vi trenger aggregater og varme klær og sko, gode tepper, ulltepper, lys, lommelykter som kan leveres på lageret på Vigrestad, (ved jernbanestasjonen) der er det oppe tirs 17.00 -20.00, ons 8.30-13.00 50 kr pr sekk ved innlevering på lageret. Da det koster så mye å få hjelpesendingene nedover, (52.000 kr) (selv om sjåførene kjøre på dugnad)

www.kpk-ukraina.com - Vipps 85130
Mvh Ellen L. Aarsland



ÅRBOKA FOR HÅ 1925

Det er ikkje alle som har fått med seg at Hå historielag har fått laga den første årboka for Hå. Den var klar for sal før jul, både gjennom historielaget og Norli på Nærbø og Bryne. Men diverre vart den utselt før jul, me hadde nok vore litt forsiktige med bestillinga.

Nå etter nyttår, har eg snakka med fleire om boka. Det var mange som ikkje hadde høyrte om årboka, men det var og mange som hadde høyrte om boka, men ikkje fått tak i den.

Nå har me i nemnda for årbok nr. 2, som er meininga skal koma ut før jul i år, diskutert om me skulle bestilla fleire. Andre opplag vert alltid litt dyrare enn første. Og kor mange nye vågar med å bestilla?

Då kom eg på ein ide: Me kunne reklamera for boka i Varhaugbuen, og så kunne interesserte bestilla gjennom meg. På den måten veit me om me vågar å bestilla 100 nye, som nok vil koma på kr. 450.

Varhaugbuen går jo til heile bygda og ein god del utanfor, både til nabokommunane og elles rundt i landet.

Er du interessert i å kjøpa boka, så bestill den hos Liv telefon 94 13 50 16 eller livhob@online.no

VI OVER 60

Desse samlingane har halde på heilt ifrå 1967 i bygda. Då heite det Eldretreff,og vart halde på Edresenteret. Frå 1990 har samlingsplassen vore i Matsalen på Varhaug Misjonshus, og heiter nå «Vi over 60»

Me samlast på Varhaug Misjonshus kvar 1. og 3. onsdag i månaden, frå kl 14.00- 16.00. Samlinga tek som regel til med andakt, og litt song. Alltid kjekt vist me får med oss nokon som kan spela og syngja for oss. Så får me servert smørbrød og kaffimat. I pausen blir nummer-

årene sendt ut rundt bordene, og då er spenninga på topp om kven som blir dei heldige vinnarane. Etter pausen har me litt forskjellige innslag. Både humor og elles ting som andaktsholdare har opplevd.

Me tek ein pause frå ca midt i juni, og då reiser me «ut og et». Dei siste åra har me vore på Ognatun og fått god middag. Så starta me oppatt i august med ein dagstur med buss .Og før Jul har me middag på Misjonshuset.

Dette var litt orientering om korleis me har det på «Vi over 60». Det er god plass i matsalen, så hjerteleg velkommen til å vera med. Me får gode tilbakemeldingar om at folk likar seg på samlingane, og dei gler seg til kvar gong.

4. mars, 18. mars, 1. april, 15. april, 6. mai, 20. mai, 3. juni og 17. juni.

Hjerteleg varmt velkommen.

Astrid G Varhaug

Desse laga står bak Varhaugbuen:

VARHAUGBUEN

Varhaug bondelag,
Varhaug bygdeungdomslag,
Varhaug bygdekvinnelag,
Svala 4H,
Varhaug Misjonshus,
Varhaug Bedriftsforening,
DNT Edru Livsstil,
Vennelaget for
Lerbrekk Skule,
Elgane Motorsykkel klubb,
Varhaug Pensjonistlag
og Vennelaget for
Lennsmannslå

Styre :

Leiar:

Glenn Skretting - bedriftforeninga

Sekretær

Per Arvid Jakobsen - Misjonshuset

Kasserar

Brit Obrestad - Lerbrekk skule

Styremedlem

Sondre Risa Ånestad - Svala 4H

Gro Ånestad Bratland -

Bygdekvinnelaget

1. vara

Tone Aanestad - Vennelaget for

Lensmannslå

2. vara

Eirik Høyland - Hå karateklubb



ÅRSMELDING VENNELAGET LERBREKK SKULE 2025, DET 29. MELDINGSÅRET

Det er godt å få setja seg ned og tenkja over kva me driv på med, her på denne kjære møteplassen, som heiter Lerbrekk skule. Utanom utleige og alle aktivitetane i Vennelaget, er dette og ein stad til å fortelja historia vår, i møte med menneske som kjem her.

I vinter møtte eg to 18 åringar, som ville sjå skulen med tanke på leige. I omvisinga kom me inn i den eldste stova frå 1865. Då dei oppdaga omnen (ogen), lurte dei på: «Kva i all verden det var for noko?» Det høyrer med til historia at den eine kom frå Klepp, og den andre frå Oslo-området.

Ja, me har faktisk noko å fortelja her på huset.

I år vil eg nemna to ting som er nye her i huset -om den gamle historia.

I lærarbustaden heng eit PSALMODIKUM, eit strengeinstrument, eg fekk av venner på Lista i 2025. Dei hadde for lenge sidan funne dette i Sarpsborg. I skulehistoria for Hå les me at Hå prestegjelds skolevæsen, kjøpte fem slike instrument til dei fem omgangsskulane som var då, i 1834. – Ein av lærarane heite Gjermund Bårdsen Varhaug, og var tilsett i det området som etter kvart vart Lerbrekk skulekrins. Han var lærar frå 1834 til 1848, og flytte då til Soma.

På veggen bak i denne skulestova frå 1916, heng i glas og ramme, ein 5- års rapport om stoda på Lerbrekk skule på 1890 talet. Desse gamle dokumenta fekk eg av Kristian Lima. Arnstein Skretting fatta interesse for dette. Fotograferte av, -og fekk det på veggen.

Karsten Isaksen har uttalt ein gong: Asfalt gjev meg fart, men - ein gamal sti, ro og visdom.

Når det gjeld bruken av huset, har det vore noko nedgang. Haga Buss la ingen av sine turar innom skulen. Og så har det nok vore litt mindre festligheter elles og.

Likevel har huset vore i bruk 48 gonger med 1350 besøkjande ut frå gjesteboka. Og så er det alltid nokon som ikkje kjem med der.

Då er det rett å nemna at «Vaskegjengen» har stilt opp like mange gonger. I tillegg har ein utvida vaskegjeng, 12- 14 stk. utført vårreingjering med vask av huset både utvendig og innvendig. Her høyrer og med at alle vinduer i heile huset vert opna og grundig vaska. Olav Husveg og Jan Varhaug tok på seg oppgåva med å friska opp kjøkkenet, med bl.a. maling av skap og dører. Ein gjeng tok ut av skap og skuffer, og plasserte alt på borda i salen her, for så å setja det på plass att nokre dagar seinare. Dette var i februar 2025.

Øystein Bratland er hovudansvarleg for plenslått i heile vekstsesonen. Anne Margrete Ånestad har hovudansvar for å riva ugras i beda m.m. Kanskje desse tinga som er nemnde er lite synlege, men om det ikkje vart gjort ville det iallfall fort verta synleg. Lefsebaking er og ein del av alt som skjer her.

Kafévertar og matstellet elles, må heller ikkje gløymast.

Arnstein Skretting la ned ein stor innsats for å finna nye lysrøyr som passa i dei gamle armaturane i klasserommet her. Han klarte det. Nå er dei skifta, like så nye pære i lampettane.

Alt det som her er nemnt, og meir til, kvalifiserer for ein kjempestore TAKK TIL ALLE!

Årsmøtet var i fjor torsdag 13.mars.Grillkvelden var 7.august med «Agnes og dei», og Tor Marton Svi- land, som forsongar. Arvid og Leif Varhaug stilte i år igjen på «grilling». For Arvid sin del er det minst 20 år.-Men veret var så pass dårleg at me rigga oss til innomhus. Den gode grillmaten vart nyt rundt om i alle roma i huset. 55 stk. samla, og kosa seg. Fellesprogram i «nøra stova».

Graudafesten torsdag 4. desember, der Egil Karlsen fortalde om sin barndom på Nærlandsheimen, der far hans hadde arbeid. Festleg kveld, der fleire fekk med seg ein gevinst eller to, heimover att.

Julatrefesten, som Mariann, Oddrun, Dag, Agnes og Sølvi Elin, har ansvar for, vart gjennomført på ein glimrande måte, den 28. desember. Bjarte Gudmestad tala. 68 personar var samla. FANTASTISK.

Av dei 48 gongene folk har samlast her, er bl.a. 3 konfirmasjonar, 6 barnedåpselskap, mange gebursdagar og familieselskap, gjennom året. Minnesamvær og klassefestar høyre og med.

Vennelaget har teke imot besøk frå Klokkarhagen 2 gonger. Og eit besøk frå ÅBOAS dagsenter, Ålgård. Då har me mat, kaffi, song ,drøs og historie. Kjempegode samvær.

DNT, (Edrueleg livsstil) var her i mars 2025 med årsmøte, både for lokallaget og Fylkeslaget.

Grødalandstemmen Vel hadde årsmøtet sitt i november.

Amerikabesøk i juni, av etterkomarar frå Helge Aanestad f. 1844. Helge var ei tid omgangskulelærar, og ei kort tid lærar på Lerbrekk, før han drog til Amerika., og vart prest der. Halvard Aanestad og eit barnebarn som og heite Halvard var vertskap og tolk. Slike stunder er rike opplevsar. Desse etterkomarane hadde aldri vore i Norge før.

Me har hatt 6 kafésundagar, med jamt over godt besøk. I tillegg «Kunst og Kult» i oktober, med matservering, laurdag og søndag. Ikkje alle dei ca. 200 som var innom kjøpte mat, men rimeleg godt sal. 10 - 12 av vennene var i «sving» så alt dette fungerte fint.

Styret har hatt 5 møter, for planlegging og fordeling av oppgåvene. Brit Obrestad er Vennelaget sin representant i Varhaugbuen.

Så vil me takka alle som trufast støttar oss med sitt medlemskap i Vennelaget. Me er nå 126 vennar i Laget.

Dette året er ein trugen venn døydd frå oss, Odd Varhaug. Eige minneord.

Styret i 2025 har vore:		
Sigbjørn Varhaug - leiar	på val	1 år
Brit Obrestad - kasserar	ikkje på val	
Anne Margrete Ånestad	ikkje på val	
Dag Varhaug	på val	2 år
Ingunn Reiestad	på val	2 år
Vara:		
Onar Paul Varhaug	på val	1 år
Aud Torunn Hobberstad	på val	1 år
Revisorar:		
Ingvar Reiestad	ikkje på val	1 år att
Øystein Bratland	på val	2år
Valnemnd:		
Arnstein Skretting	på val	
Per Egil Dubland	valt i 2024	
Olav Husveg	valt i 2025	

Varhaug januar 2026

For styret:
Sigbjørn Varhaug, som og takkar for tillit og god hjelp og villighet frå mange.





FARMENTEVLING OG SKYTING

8. November 2025 arrangerte Varhaug Bygdeungdomslag farmentevling på Varhaug bygdehus. Det vart ein kveld fylt med konkurranseinstinkt, latter og god stemning.

Deltakarane fekk prøva seg på fleire ulike tevlingar, mellom anna saging av planke, hesteskokasting, tautrekking, balanse og mjølkespannhalding. Det var imponerende innsats i alle tevlingane, og publikum heia godt frå sidelinja.

Vinnarane av kvar tevling fekk flotte premiar handla hos Bondekompaniet Varhaug. Her vart det delt ut både varme ullsokkar, termokopp og STIHL-ølglass,

premiar som passar godt for deltakarane. Me sit igjen med ei kjensle av ein svært vellukka kveld.

12. Februar 2026 hadde me skyting i samarbeid med Hå skytterlag. Me fekk prøva oss på innandørsskyting i kjellaren i loen på Nærbø. Deltakarane vart delte inn i to lag og skaut 30 skot kvar. Konkurransen var jamn, men beste skyttar imponerte stort med heile 246 poeng som kom heilt ifrå Sandnes.

Me set stor pris på det gode samarbeidet og engasjementet, og gler oss allereie til nye arrangement framover.



Årsmøtetid

Ei mengd med lag og organisasjonar har årsmøte på denne tida.

Hå senioruniversitet

Hadde årsmøte 12. februar. I tillegg til årsmøtesakene fortalte Kunstnar og lærar Alfred Vaagsvol frå Lista om humoristen AJAX.

Her er det eit stabilt styre, og dei som var på val, ville vera med lenger.

Styret er nå: Leiar Kirsten Lea Gausland. Styremedlem Kristian Skrettingland og Martin L. Haarr. Varamedlem Liv Reiestad og Møyfrid Skrettingland.

Hå Mållag

Hadde årsmøte 17. februar. Årsmeldinga viste til stor aktivitet i mållaget. Viktig for dei har vore å arbeida for meir planmessig bruk av nynorsk i barnehagane. Leiaren har hatt møte med alle barnehage styrarane i Hå, og presenterte mellom anna ressursane Nynorsksenteret har for språkopplegg i barnehagen. Som gåve fekk alle barnehagane eit eksemplar av ei bok med rim og regler. I samband med Nynorskstafetten i november, var laget på besøk i Stokkelandsmarka barnehage og Lensmannagarden barnehage. Begge desse barnehagane fekk bokpakker.

Det vart attval på styret, som er: Leiar Arne Reidar Hærå. Sekretær Jon Arne Silgjerd. Kasserar Oddvar B. Høyland. Styremedlemar Inger Størseth Haarr og Eva Hægstad.

Hå historielag

Hadde årsmøte 19. februar. Utanom årsmøtesakene snakka Ingeborg Nærland Skjærpe om ymse gamle spel. Mikal Siqveland ynskte å forsetja i styret, men ikkje som leiar. Sekretæren Elisabeth Haukeli Skretting takka og for seg.

Det nye styret er: Leiar og kasserar Lars Vegard Kvalbein. Nestleiar Ingeborg Nærland Skjærpe. Sekretær Gunnar Opstad (ny). Styremedlemar Rune Werner Wiik, Per Inge Undheim, Lars Haarr og Mikal Siqveland.

Varhaugbuen skal ha sitt årsmøte 27. april.

VARHAUG PENSJONISTLAG GJENNOM 40 ÅR

I starten av januar ringde Bjørg Merete Reiestad og sa at Pensjonistlaget på Varhaug skulle feira 40 års-jubileum. Ho hadde funne at eg hadde skreve noko historikk i Varhaugbuen nr. 1-2016 då dei hadde 30 årsjubileum. Ho lurte på om dei kunne bruka det. Noko eg sa ja til. Litt seinare ringde Gjertrud Hobberstad og spurde om ikkje eg berre kunne fortsetje på den historia for dei neste 10 år og. Dermed vart det på ny å bla og lese i protokollar. Litt omforming og så litt meir. Det er eit aktivt lag der det framleis skjer mykje interessant og spennande

Når eit lag har halde på i 40 treng me å sjå oss litt attende, for kven hugsar kva som hende i 1986? «Det var ein gong» startar eventyra med. Dette er ikkje eventyr, men fakta.

Eg vil starta med utgangspunkt i litt av det som Odd Erik Hansgaard sa på møtet i oktober; «Den skremmende eldrebølgen». Korleis skulle samfunnet vore om me hadde teke vekk alt som dei eldre gjer av frivillig arbeid? Eldre er ein ressurs. Dei representerer levd liv, erfaringar, tolmod og refleksjonar over levd liv, og vil og skal bidra. Det fins inga bølge - berre mulegheiter.

Eg har bladd og lese i protokollane frå møter og reiser som har vore gjennom desse 40 åra, og det er ikkje reint lite. Mange turar både vår og haust. Som oftast er det dagstur, men det har og vore turar over fleire dagar med overnatting. På møta har dei med ulike folk, både frå bygda, men og frå andre stader, som underheld, anten det er med song og musikk, kåseri eller foredrag. Her er litt for ein kvar smak. Sjølvsaft har dei mat og kaffi, og utlodding. Den gode «drøsen» rundt bordet med kaffi og mat er viktig. Det er jo reine vitamin-innsprøytinga for den som har vore med.

På kvart møte er det allsong. I starten, ja, i lang tid, var det Olav Varhaug som var med og spela trekkspel til songane. Så vart Agnes Varhaug med i tillegg til Olav. Og nå er det Agnes Varhaug og Sølvi-Elin Solås som spelar til songane.

Det har vore litt vanskeleg å finna ut kven som var den første leiaren, men desse var med og starta

opp: John Lyng Lea, Thomas Framnes, Johanna Aanestad, Ingrid Hoff, Sonja Åmot, Kjellaug Høien og Gerd Gya. Dei som har vore leiurar i desse 40 åra, er: Olav Einervoll, John Lyng Lea, Johanna Aanestad, Kornelius Skrettingland, Jostein Tjensvoll, Halldis Bakke, Inger Haugstad og Bjørg Merete Reiestad. Laget er tilslutta Pensjonistforbundet sentralt og på fylkesplan.

Det har vore eit eldrelag før pensjonistlaget vart stifta, Varhaug eldreheimslag. Her står mellom anna:

«Etter vedtak på årsmøtet den 22. januar 1985 vart aktiviteten i laget innstilt. Det har vore heller dårleg tilslutning på foreiningsmøta i den seinare tida. Mange har vorte for gamle til å ta seg ut, og nye har ikkje kome til. Då det er på tale å skipe pensjonistlag, vart det vedteke å ikkje å driva aktivt med møter og turar lenger». I november 1999 kallar Ruth Einervoll til møte for dei som lever att av medlemmane i eldrelaget, og dei vedtek å føra over pengane som dei har ståande på konto til Varhaug pensjonistlag. Dei som har vedteke dette er Gerd Gya, Dagny Haaland og Ruth Einervoll.

Varhaug Pensjonistlag hadde 66 medlemmer då dei feira 30 årsjubileum i 2016. Allereie i 2017 fekk dei 30 nye medlemmer og laget har nå 199 medlemmer.

I starten hadde dei møta på eldresenteret.

Så flytte dei over til skulen. Nå har dei møta på det sosiale romet på «Iden». Møta er den siste tysdag i månaden kl. 17 - 19.

I starten ivra dei svært for å få ein hjartestartar i bygda. I 1989 vert det så levert kr 52.500 til ordførar Kjell Lund. Det er Varhaug eldreheimslag som har gitt kr 37.500, Varhaug Handelslag har gitt kr 5.000 og Hjertelaget kr 10.000.

Av andre ting kan nemnast at dei sette i gang bading i varmtvannsbassenget på Nærland. Dei fekk og i gang servering av middag på eldresenteret ein gong i veka. Det vart eldreråd i kommunen i 1988. Ein kan trygt seie at pensjonistlaget har vore positivt for bygda og kommunen.

Når ein sluttar av arbeidslivet og vert pensjonist, er det viktig å koma seg ut og få nye impulsar. Det å treffa andre er viktig. Ein treng å halde seg i form

Alder

Det er jo litt av

hemmeligheten;

man blir eldre

men ikke nødvendigvis gammel.

Eldre er bare år,

gammel er en holdning.

Livskvalitet er avhengig av

at man aksepterer det som visner

samtidig som man konsentrer

seg om det som gror.

Sol Solheim

-psykolog-



Nærmest. Mons Skrettingland, ledet møtet. Ordfører Andreas Bjorland med helsingar frå Hå kommune. Sjur Håland holdt festtale. Her i samtale med Bjarne Salte.



Jan Petter og Anne Margrethe Sellevold sitter attmed Ruth Einervoll med følge.



Leder i Pensjonistforbundet Varhaug, Bjørg M. Reiestad takker ordfører Andreas Bjorland, Sjur Håland, Brit Obrestad, Kjellaug Aanestad og Mons Skrettingland for en fin kveld.



Mons Skrettingland ledet møtet.



Ståle Skretting og Oddvar Hobberstad tar seg av oppvasken.

både fysisk og psykisk. Den gode «drøsen» når ein treffer andre, friskar opp kvardagen. Lytte til song og musikk, og det andre fortel frå turar i inn- og utland, eller informasjon om ulike tiltak som ein kan nytte seg av, er viktig. Og ikkje minst allsongen.

I 2023 var dei med på Varhaugmarken i juni og hadde stand der. Og i august same år var dei med på Vigrestad-dagane med stand. Dei har og arrangert datakurs og kurs for bilførarar 65+.

I årsmeldinga frå 2021 står det at dei ikkje hadde møter den våren. Men så fekk dei midlar frå Statsforvaltaren i Rogaland som gjorde at dei i august fekk ein gratis tur til Flor og Fjære, Sør-Hidle. Ein strålende dag for 50 påmeldte som fekk turen heilt gratis, ein tur som kosta kr 1.470 per person. I tillegg fekk dei ein gratis tur også i september. Den gjenom Rennfast til Jørpeland, Tau og Fiskå Mølle og middag og omvising i rosehagen på Jørpeland.

I referata frå alle turane har alle vore samde om at det var ein gilde tur. Men eg har merka meg eit lite unntak. Som på turen til Håheim Gård i 2016 saman med pensjonistlaget på Nærbø. Dei hadde først omvising ute, og skulle få heile forteljinga om

plassen då dei hadde middag. - «Men vi fikk ingen historie. Fuglen var fløyet til Bergen på et møte. Skuffelsen var stor, siden alle hadde gledet seg til å få høre ham synge.»

Nokon av dei som har vore med lengst i styret må vel vera Johannes Stokkeland som kasserar, Klara Reime Ueland, sekretær, Reidar Erga, styremedlem/nestleiar, og Haldis Bakke som leiurar. Eit år var dei utan leiar, men Bjørg Merete Reiestad var nestleiar, og vart så etter kvart leiar.

Tysdag 26. januar 2016 hadde Varhaug Pensjonistlag invitert til jubileumsfest på Varhaug Misjonshus for å feira 30 årsjubileum. Det var 121 inviterte gjester som benka seg rundt bordene. Her var gjester frå Klepp Pensjonistlag, Nærbø Pensjonistlag og eldrelaget «Vi over 60» på Varhaug Misjonshus.

Nå i dag, kan ein trygt seie at det er eit aktivt og oppegående lag som feirar 40 år. Etter kvart som det aukar på med eldre, vil det sikkert auke på med medlemmar og, så laget har gode muligheiter til å halde på i fleire tiår framover.

GRATULERER og lukke til vidare!
Brit Obrestad



Program for våren 2026

Tirsdag 27. jan. 2026

40 års Jubileum for Varhaug Pensjonistlag eller som nå heter Pensjonistforbundet Varhaug, feiret i Salen VIL

Tirsdag 24. februar

Årsmøte. Vanlige årsmøtesaker. En representant fra Pensjonistforbundet Rogaland vil dele noen tanker med oss.

Tirsdag 24. mars

Foredrag av Harald Olimb Norman, tidligere generalsekretær i Pensjonistforbundet «Jeg begriper det ikke». Et irriterende, inspirerende og humørfyllt foredrag om hverdagen for oss eldre.

Tirsdag 28. april

Foredrag av Bente Vigre "Jærske ord og uttrykk"

Tirsdag 26. mai

Dagstur. Er ikkje heilt avklart hvor bussturen går ennå.

Fredag 5. og lørdag 6. juni 2026

Varhaugmarken

PENSJONISTFORBUNDET VARHAUG

hadde årsmøte 24. februar, og la fram ti fylldig årsmelding. Den viktigaste saka hadde vore markeringa av at laget er 40 år.

Valnemnda hadde gjort eit godt arbeid, og styret er:

Leiar Bjørg M. Reiestad, nestleiar Magnar Ånestad, kasserar Bjørg Reime Håland, sekretær Gjertrud E. Hobberstad, styremedlem Oddny Søyland og Einar Lerbrekk (ny), varamedlem Johan Skoran, Oddbjørg Skrettingland og Edith Tunheim Salte (ny).



MR POTATO

Eg skulle ut og ta nokre bilde til bladet på laurdag. Men då eg kom ned i Bodle, såg eg det var lite straum på batteriet. Då var det berre å dra heim på lading. I ventetida «gogla» eg litt på Jærbladet. Der les eg om Marius Øgland frå Vigrestad, som var på Varhaug med potetvogna. Dette måtte eg få med meg i bladet, og etter ladinga drog eg ned til sentrum. Og der fann eg Mr .Potato -vogna utanfor Spar.

Og inne i vogna stod ein smilande Marius Øgland, og selde bakte poteter. Og det er noko eg liker. Det var meny på veggen, men eg såg ikkje så mykje på den. Trur eg bestilte «ei mæ alt». Og det gjekk ikkje mange minutta før eg fekk maten, og porsjonen var ganske stor. Eg åt poteta mens eg sat i bilen, og det kom folk heile tida for å handla.

Ja her hadde Marius det travelt! Men han hadde 3 gode «hjelpare» i vogna, så ventetida vart ikkje lang.

Eg køyrde nedom dagen etter for å høyra om det var ok det eg hadde skrive. Då fekk eg og vita kor gamal han var og kven som hjelpte han i vogna. Marius hadde vorte 20 år nå i februar, og dei som var med han i vogna var mor, far, søster og kjærasten. Så

dette var ei skikkeleg familiebedrift!

Marius reknar med at det gjekk 300 poteter til dagen. Då er spurte kor han fekk tak i dei store potetene, svara han: Germann Vervik.

Nå skulle han vera på Varhaug i helga. Men neste helg skulle han til Sandnes, der vogna skulle plasserast permanent utanfor Maxi. Og då kan dei Sandnes kjøpa bakt potet kvar ettermiddag, 6 dagar i veka.

Marius sa at det hadde vore veldig gildt å vera på Varhaug, og salet hadde vore strålende. Synd at me ikkje får ha Mr. Potato på Varhaug, men det er å håpa at han kanskje kjem tilbake ein gong. Om ikkje meir enn berre ei helg eller to?

Dette er ein fritidsaktivitet for Marius, som har ein 100% stilling i Felleskjøpet. Han seier han var lei av pizza og burger i helgene, men likte godt poteter, så då måtte han bere finna på noko sjølv. Og fram til nå, har dette vore ein suksess.

Varhaugbuen takker for drøset, og ynskjer Marius lukke til vidare på Sandnes.

Liv

HÅ KARATEKLUBB PÅ HØSTGASSHUKU – INSPIRASJON FRA VERDENSELITEN

Helgen 28.-30. november 2025 deltok Hå Karateklubb på Høstgasshuku i Lurahallen i Sandnes. Samlingen ble arrangert av Norwegian Karate Association JKA i samarbeid med Lura Karateklubb, og samlet karateutøvere fra hele landet til en inspirerende og lærerik treningshelg.



Gasshuket var åpent for alle - uavhengig av stilart og organisasjonstilknytning - og bød på en helg fylt med hard trening, faglig påfyll, samhold og ekte karateglede.

Hå Karateklubb gratulerer alle utøvere som deltok med vel bestått gradering. God innsats av alle sammen! Vi er også veldig stolte av at klubben deltok med rekord oppslutning på gasshuku!

BESØK FRA JAPAN - FOR FØRSTE GANG I NORGE

Et av høydepunktene på gasshukuen var besøket fra Japan av HQ-instruktør Igarashi sensei. Han er regjerende All Japan kumite-mester og regnes som en av verdens fremste kumiteutøvere innen JKA-systemet, med flere første- og andreplasser i prestisjetunge mesterskap.

Dette var første gang Igarashi sensei besøkte Norge, og deltakerne fra Hå Karateklubb sammen med



HÅ KARATEKLUBB KARATE

Som Rent Idrettslag har vi et særskilt ansvar for å spre gode holdninger og kunnskap om antidoping gjennom klare mål og handlinger. Vi skal sammen ta ansvar for idrettslagets holdningsskapende arbeid, lage og gjennomføre en målrettet handlingsplan og jobbe for et sunt og dopingfritt miljø.

Idrettslagets handlingsplan inkluderer bl.a. følgende tiltak:

1. HENGE OPP RENT IL-PLAKAT I LOKALENE
2. PUBLISER INFORMASJON PÅ NETTSIDE/SOSIALE MEDIER

ANTIDOPINGANSVARLIG
I IDRETTSLAGET



ANDERS SOLHEIM
DAGLIG LEDER, ADNO

mange andre klubber fikk oppleve trening på aller høyeste internasjonale nivå. Fokus på presisjon, timing, hurtighet og mental styrke ga både unge og voksne utøvere ny motivasjon til videre utvikling.

- Det er inspirerende å få trene med en instruktør av dette kaliberet. Vi tar med oss ny kunnskap og masse motivasjon hjem til dojoen på Hå, sier klubbens utøvere.



Hovedtrener Arild og Instruktør Eirik deltar på Honbu Dojo-samling

SER FREM MOT ET AKTIVT VÅRSEMESTER 2026

Hå Karateklubb går inn i 2026 med ambisjoner om videre vekst, sportslig utvikling og et sterkt sosialt miljø. I den anledning deltok klubbens hovedinstruktør Arild Hølland og instruktør Eirik Høyland på Norwegian Karate Association JKA sin Honbu Dojo-samling første helgen i februar 2026 i Sandnes. Det var en inspirerende, givende og aktiv helg med fokus på standardisering, internasjonal lisensiering og erfaringsutveksling.

Etter en innholdsrik høst ser Hå Karateklubb nå frem til et spennende vårsemester med både konkurranser, sosiale samlinger og graderinger. Klubben oppfordrer medlemmer og foresatte til å følge med på Spond for oppdatert informasjon..

Klubben ønsker både nye og tidligere medlemmer velkommen til trening - enten målet er konkurranse, selvutvikling eller fellesskap.

Karate handler om mer enn spark og slag - det handler om disiplin, respekt og fellesskap. Hå Karateklubb gleder seg til et nytt semester fylt med aktivitet og engasjement.

Merete Grov Haugsgjerd,
Styremedlem Hå Karateklubb

IGARASHI SENSEI 4. DAN JKA
HØSTGASSHUKU SANDNES 28. - 30. NOVEMBER 2025

日本空手協会



J. SJEFSINSTRUKTØR
IGARASHI SENSEI 4. DAN JKA



J. TK-MEDEL
JOHANSEN SENSEI 8. DAN JKA



J. LANDSLAGSSJEF
SUNDVOR SENSEI 5. DAN JKA



J. TK-MEDEL
SZELL SENSEI 5. DAN JKA



J. TK-MEDEL
KJERLAND SENSEI 5. DAN JKA



NORWEGIAN KARATE ASSOCIATION





SCAN FOR PÅMELDING



BETONGARBEID - TREARBEID
Møllevn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79



Rulling av spaltegub. Graving og drenering. Senking av kjeller. Utveiling av fjor.
Egil Håland 416 99 617 www.Toppaland.no toppaland@gmail.com



CROSSTRENING I SPANIA

Oliver Reiestad har nylig vært tre uker i Spania sammen med Brian, faren sin, og Jan Arve Gramstad. Den første uken trente dei med Castello (Redsand), før de to siste ukene ble tilbrakt i området rundt Barcelona med cross kjøring på flere ulike baner. Turen i Spania bød på svært varierende værforhold, med en del regn, stengte baner og til og med noen dager med minusgrader. Alt i alt en bra tur med mange treningsøkter og bra grunnlag til sesongstart. Oliver er nå klar for sesongen i klasse MX Junior 125 cc.



An advertisement for Varhaug Servicenter A/S. The top part shows the interior of a car wash with a red floor and white walls. A large blue sign on the right side of the car wash reads: "Få 5 vask til prisen av 3", "Gjelder på utvalgte stasjoner med Tiger Wash.", "Verdikupongene er kun gyldig med kvittering, stempel og signatur fra betjeningen.", "Gyldig 1 år fra kjøpsdato.", "PLATINUM 5 FOR 3", "FÅ 5 VASK TIL PRISEN AV 3". Below the car wash, the Esso logo is visible, followed by the text "Varhaug Servicenter A/S", "Tlf. 51 43 02 33 • 4360 VARHAUG", and "VI HAR GODKJENT BILVERKSTED".

GLENN MOI SKRIVER NORSK MOTORSPORTSHISTORIE - FØRSTE NORDMANN I LANGBANE-VM PÅ 26 ÅR



Glenn Moi fra Varhaug har fått en historisk mulighet - han skal kjøre verdensmesterskapet i langbane-speedway. Dermed blir han den første nordmannen på 26 år som deltar i denne prestisjefylte grenen av motorsport.

- Det er utrolig stort å få denne muligheten, sier Moi, som til daglig representerer Elgane MK.

Langbane, der banene er på opptil 1000 meter og toppfarter mellom 180 og 200 km/t. Sporten krever både presisjon, mot og rå kraft, og konkurransen på VM-nivå er beinhard.

Glenn har de siste årene etablert seg som en av Norges mest meritterte speedwayførere. Han har blitt norgesmester hele fire ganger - i 2016, 2017, 2019 og 2023 -og han har representert Norge i flere internasjonale mesterskap.

At han nå får sjansen til å måle krefter mot verdenseliten i langbane-VM, ser han på som et nytt høydepunkt i karrieren.

Vi ønsker Glenn Moi lykke til i VM.

An advertisement for Jærmester. It features the company name "Jærmester" in a large, bold, green font. Below the name, it says "BYGGER MED KOMPETANSE" in a smaller font. At the bottom, the website "www.jermester.no" is listed. The background is white with a green and grey graphic element.

An advertisement for Pilsen Varhaug's Gym. It features the name "Pilsen" in a large, bold, pink font, with "VARHAUG'S" in a smaller font above it. Below the name, there is a logo for "Pilsen Functional Fitness" and a logo for "GYM". At the bottom, it says "ÅPENT DØGNET RUNDT MED MOBIL ADGANG". The background is black with white and pink text and graphics.



COCA COLA BUSSEN

KOM TIL VARHAUG

Mange har sikkert sett denne bussen på TV mange ganger før jul, og 13. desember kom den til Spar.

Mykje folk var møtt fram, både store og små, for å få med seg dette. Det var ei dame som at dette var nett som 17.mai og Varhaug-marken på ein gong.

Det var og mange born som såg litt skeptisk på den store nissen.

Folk gjekk berre rundt og mingla, tok bilde av ungane og nissen, hørde på korsong eller kosa seg med smaksprøver frå Ystepikene. Dei hadde stand, der det og var høve til å kjøpe fleire forskjellige spennande oster. Det var og ei stand med sal av vetter og vesker av ymse slag.

Liv



4H ER I GANG



Eit knallkjekt år med 4H er i gang! Kjekke barn og ungdommer er klare for eit nytt år med 4H. Sist 4H møte gjekk vi på slalom ved Stavtjørn der vi grilla og gjekk på ski. Det var god stemning og alle hadde det kjekt i bakkane.

Neste møte er karneval for aspirantane, det blir kjekt om alle aspirantar kjem!

For juniorer og oppover blir nattcup det neste møtet.

Der blir det volleyball, pizza og god stemning!



90-ÅRSJUBILEUM I VARHAUG BYGDEKVINNELAG

27. november inviterte bygdekvinnelaget til 90-årsjubileum i Løa. 60 personar hadde meldt seg på til festkvelden. Festen blei leia av Johan Omland. Programmet starta med kåseri av Sjur Håland med tema «Fordeler og ulemper med kjerringer». Her var mykje å hura og le av.

Det var helsingar frå Rogaland bygdekvinnelag, bondelaget og Bu.

Menyen denne kvelden besto av nydelig middag, sursteik med tilbehør og nydelige kaker baka av eit medlem i laget.

Siste post på programmet var minikonsert med ein tidlegare varhaugsgutt, Nils Gunnar Rage. Med seg hadde han Bengt Larsen.

Dette var ein veldig gild kveld.

Plan for våren i bygdekvinnelaget

18. mars Flatbrødkurs

26. mars Sonemøte på idrettshuset med Linda Øie og Sveinar Heskestad

23. april Vår møte på Bondkompaniet

Strikketur?

Mai Tur på Varhaug med tema: Resten av Varhaug



TRIMMEN TIL BYGDEKVINNELAGET PÅ IDEN

Ut på tur - aldri sur, er det noko som heiter. Men eg vil nesten sei - kom deg på trim, så held du deg frisk. Det rimar ikkje heilt, men er likevel sant. For held ein seg i god form så verkar det og på humøret. Det er det mange godt vaksne damer som har funne ut. Kvar tysdag kl. 10 - 11 er mellom 30 og 40 damer i full sving med rettleiing frå Ruth Kristensen. God musikk og god gang. **HERLEG!**

Siste gongen før jul og før sommarferien har me avslutning på det sosiale romet. Før jul får me risengraut og lefse, kaffi og småkaker. Slik også denne gongen i desember. Og så vankar det ei gåve til Ruth som takk for innsatsen. Denne gongen var det fleire som fekk ei påskjøning, mellom anna eldste deltakar, Olaug Sør-Reime som i august runda heile 90 år. Ei sprek dame som held koken i så høg alder - ja, me andre har noko å strekkje oss etter. Ho har alltid gått tur og trimma. Ho fekk ein fin blomebukett. Diverre har Olaug vore uheldig på nyåret med fall og broten lårhals. Me får berre vone at når det vårast så kan ho ut og gå att. Ting tek diverre lenger tid til eldre ein vert, men er ein sprek så er det lettare å trene seg opp att.

Oddbjørg Skrettingland fekk også ein blomebukett som takk for innsatsen med å legge til rette og sende ut informasjon. Med andre ord: «halde i trådane» så alt fungerer som det skal.

Brit Obrestad



En alliansebank i eika.



Vi sponser, støtter og heier

Gode lokalsamfunn trenger idrettslag, idrettshaller, korps, bondekvinner, ungdomsklubber, bedehus og andre miljøbyggere. Jæren Sparebank heier på frivilligheten.

Telefon 915 03 290
www.jaerensparebank.no





EIT LITE GLIMT FRÅ FØR I TIDA

Mange seier at ein har vorte gamal når ein begynner å tenke på «før i tida», eller i alle fall ein del år tilbake. Slik er det med meg akkurat nå. Som mange av dykk kjenner til, har eg vore «sjømann», då eg var yngre. Og sidan det nå har vore så mykje snakk og skrivning om Venezuela, tenkte eg at eg måtte finna ut kor mange gonger eg hadde vore i dette landet. Heldigvis hadde eg ein mann, som noterte alt, så dette var enkelt. Me var jo på ein oljetankar - Solfohn - og Venezuela ein oljenasjon, så det var klart at der hadde me nok vore. Ja, ikkje

berre ein gong, men heile 15 gonger frå desember 1964 til desember 1965. Då hadde me lasta for Santos og Rio i Brasil, fleire stader i USA, Sverige og til sist Rotterdam, der me mønstra av.

Vidare finn eg i desse noteringane, kor mykje olje me pumpa inn, kor lang tid det gjekk med lastinga og kor lang tid det gjekk med lossinga.

Mannen min var pumpemann, og han må nok ha vore både interessert og oppteken av det arbeidet han gjorde på båten. For elles hadde eg ikkje hatt desse notata meir enn 60 år etterpå. Liv

«Å VELJA LIVET»

Den 4. februar hadde Varhaug kyrkjelyd temakveld om sjølv-mord. Det var diakoniutvalet som stod for kvelden. Vi hadde eit ønske om å vera med å forebyggja i forhold til sjølv-mord og hadde invitert to til å ha foredrag om dette.

Ingunn Alice Einervoll innleia med å lesa eit utdrag frå «Fred» av Garborg.

Einar Steen Jakobsen snakka om tekn vi kan sjå etter om nokon har slike tankar og korleis vi kan hjelpe. Han påpeika dette med å spørre korleis folk har det. Om vi har mistanke om at nokon tenkar på å ta livet sitt er det viktig at vi vågar å spørre dei direkte om dei har planar om det.

Mette Camilla Skauvik frå LEVE Rogaland delte om det å vera pårørande. Ho har mista mannen sin i

sjølv-mord. Ho snakka om at tekn og forvarsel er vanskeleg å sjå i forkant og vert tydeligare i etterkant. Ho sa og ein del om kva som hjalp ho i sorga. Å vera ærlig og setja ord på det ein opplev er viktig. Sorggruppe hadde og betydd mykje og å delta aktivt i LEVE Rogaland.

Etterpå var det kaffe og god til samtalar og mulighet til å snakke med Einar og Mette.

I 2024 var det 727 som valgte å avslutta livet sitt. 535 menn og 192 kvinner. Dette høge talet fortel oss kor viktig det er å sjå kvarandre og bry seg. Vi har alle eit ansvar for dei rundt oss.

«Å vere til bry», kan redda liv!

Kjersti Salte



Illustrasjon ChatGPT

SÅ LITT MEIR MIMRING - FØR MI TID PÅ VARHAUG

Eg har funne eit aksjebrev, i ein av Hans sine permar, datert 17/8-59, underteikna av formannen i Norsk Motorklubb, avd. Sandnes og Jæren; Jon Ødegård og sekretær Ole Røstad.

«Motorklubben garanterer herved at innehaver av denne aksje er medeier i AS JÆRBUE-JAP., og eier således 1/9 part av denne. Aksjonæren kan da ved trening benytte Japen, som utgjør et avtalt antall runder pr. trenings-kveld. Han plikter som medeier og holde den i stand og alle vedlikeholdsutgifter blir delt aksjonærene i mellom, så nær som Jon Ødegård og Ole Røstad, da disse ikke vil benytte Japen til trening. Enhver som forvolder skade på Japen, ved fall og lignende, vil bli belastet for reparasjon-utgifter.

Aksjenes pålydende er kroner et hundreogtyve oo/100.

Det står aksjonæren fritt å selge eller gi vekk aksjen til en person innen avd. Sandnes og Jæren, og som styret godtar»

Mange, mange år seinere, var den same Jon Ødegård tannlege på Varhaug. Då Hans hadde vore der til behandling, sa Jon til kontordama: Du må trekka frå kr. 300 her. Det er noko eg skuldar Hans for ein motorsykel me selde ein gong.

Ganske morosam historie, tykkjer nå eg. Hans hadde eist til sjøss då Japen vart selt, og ikkje fått pengane. Han hadde gløymt heile greia, men det hadde ikkje «formannen» Jon Ødegård gjort.

Historia vidare er at både Hans og eg bruka tannlege Ødegård så lenge han levde.


Liv

STOFF-FRIST

Stoff frist for neste blad er

8. mai 2026

Dette kan enten sendast direkte til: livhob@online.no eller leggja det i postkassa til Liv.



Denne gongen var bladet ferdig omtrent samtidig med OL. Då tykte eg me måtte ta med litt her.

Eit fantastisk OL for Norge.

For gjerde gong vart Norge medaljevinnar, med 41 medaljar fordelt på 18 gull, 12 sølv og 11 bronse.

Dei slutta like godt av OL med å ta alle medaljane på 5-mila for mennene, men damene fekk sølv. Det var forresten første gong at damene gjekk 5-mila under OL.

Norge fekk gull i langrenn, skiskyting, kombinert, skøyter, freestyle og hopp.



Mads Ove Skrettingland Maskin



Nytt av året:
steinhenting
med kivi pekka
småsteinhenter

Kunstgjødselspreiing med GPS og seksjonstyring - Jordarbeiding -
Direktesåing 9m, tromling, sprøyting med GPS - Gjødselmiksing - Utkjøring
med 12m³ vogn - Slåing, raking, sprederive og 2 presser med filmbinding



**Bonde
Kompaniet**
Varhaug

Helgjødse 15 l
2 for 479,-
pr. sekk 299,-



**Hage-
gjødse**
25 kg

599,-

Hagekalk
25 kg

179,-



Felleskjøpet

Rogaland Agder — siden 1899

Velkommen til BondeKompaniet Varhaug
Åpent 8-17 (9-14)

Forbehold om trykkfeil og utsolgt

bondekompaniet.no